



Møtebok Fjordvegen Rute 13

Styremøte 06.02.2023, kl 09.00-12.00 Digitalt møte

Deltakarar: Gerd Helen Bø, Roald Aga Haug, Toralv Mikkelsen, Kristoffer Amdal, Sigbjørn Hauge, Ingvald Torblå, Marta S. Vange.

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Gjester på link, to orienteringar: **Nye Veier** v/ Håkon Lohne, Kristian Karlsen, Benedicte L. Hellestøl
SVV v/ Ellen Johnsen Haaberg

Orientering om status og dialog med Nye Veier:

Omstilling 2022 pga prisauke og store omveltingar går mest utover igongsette prosjekt. For rv 13 gjeld dette planarbeidet. Betra prognosar for 2023 for å innhenta tilbod i marknaden. Strakstiltaka er på gang.

1. Orientert om prosjektet Kviturtenellen/Djupvik

2. Planarbeid m/kostnad + prioriterings-leveranse til NTP er arbeid som må gjerast uansett. Gjeld heile rv 13 Skare – Sogndal + separat planoppdrag Vikafjellstunnelen. Tunnelen vil kreva ekstra finansieringspakke, analyser av regionale konsekvensar både på Hordalandsida og i Sogn føregår no.

Blir ferdigstilt innan utgang mars (Leveringsfrist 31.3. for samla dokument frå etatane)

3. Samla tiltakspakke rv 13: Innspel er ønska.

Orientering om status og dialog med SVV:

Gjennomgang av fleire mindre prosjekt under gjennomføring, m.a Lovraeidet. Siste av tre fanggerde er ferdig 10.2.

Tunnelplanane for Rødsliane: Suldal kommune kan leggja planen for kort tunnel ut på høyring snart – eller ikkje, eit politisk val. Mange bratte tunnelar fungerer bra.

Planarbeid: Årdalstunnelen er utsett, håp om planmidler i 2024

NTP-prosessen er innkorta med eitt år, dei får ikkje gjort grunnlagsarbeidet så godt som dei ønskjer. Håp om neste prosess blir meir inkluderande.

Sak 01/23 Meldingar

Teke til vitande

Sak 02/23 Årskonferansen 2023 v/Hanne

Hanne presenterte innleiarar og programmet i grove trekk.

Status for innlegg:

Stortingsrepresentante; fire repr for innlegg og debatt svarte raskt før nyttår (nemnd i nyhetisbrevet i januar). Men: Nokre har ikkje svart grunna muleg lukka Stortingsmøte same dag, dette dukka opp i januar. Det er prøvd å få eit klart bilde rundt dette gjennom kontakt med Presidentskapet, endeleg svar truleg medio mars. Denne usikkerheita må me leva med. Statssekretær Tom Kalsås stiller.

Begge fylkeskommunar stiller med repr. for Fylkesutvala for samferdsel (Clarke og Bø) Elles faginnlegg frå forsking (2), Vegvesenet, Nye veier, næringsliv. Nasjonal rassikrings-gruppe.

Litt kortare konferanse enn vanleg; ca 10.30 – 15.30 grunna tilkomst om morgonen og årsmøte lagt i etterkant av konferansen. 1 time og 15 minutt er sett av til årsmøte isame sal. Ingen innleiarar pr no har elles avtale om honorering eller anna kostnadsdekking.

Andre økonomiske premiss:

Balanse mellom kostnad og inntekter vert elles søkt.

Konferanse-avgift for medlemmer vert søkt å halda under 2000 kr, ikkje-medlem 2.700 ca.

Generell prisstigning i høve 2022, då me fekk svært låge prisar på hotelllet.

Budsjett med balanse vil krevja større deltaking enn realismen og våre erfaringstal som ligg på maks. 60-70 deltakarar totalt (75 i 2022)

Godt samarbeide med kommune og Sogn Nærings-

Forprogram sundag kveld etter styremøte, sosialt program med ølsmaking og middag.

Ny løysing med første mogelegheit for påmelding sein i februar med eit førebels program, medan programmet blir ferdigstilt noko seinare.

Påmeldingsfrist ca 30.03.2023. som er rett før påske. Detaljert program er planlagt utsendt i midten av mars.

Styret vert bedne om å få med fleire frå eigen kommune og lokalmiljø for brei deltaking og felles eigarskap til riksveg 13 sine utfordringar.

Administrasjonen bed om raske innspel på hovudtema/overskrifter.

Saka vert tatt til orientering.

Sak 03/23 Innspesseminar hos SD og NFD 13. feb vedr. NTP 2025 - 2036

Fjordvegen Rute 13 har fått 3-minutt innlegg i dette møtet. 39 hovudsakleg landsdekkande organisasjoner skal ha korte innlegg.

I innlegget vårt er det planlagt å ta opp følgjande

- Status for rassikringsbehov
Rv 13 sine viktigaste tiltakspunkt må visast kort.
- Konsekvensar av opplevd frykt og ras (velferdstap/ubehag)
- Samfunnsøkonomiske konsekvensar av stengde vegar pga ras og rasfare
- Samfunnsøkonomiske nytteverknader av å utbetra skredutsette strekninga

Sigbjørn Hauge og Jostein Eitrheim møter i Oslo.

Sak 04/23 Mogeleg pilotprosjekt: Kort og bratt tunnel i Rødsliane. Drøfting

Gerd Helen orienterte om bakgrunn: Her er det påkrevd KS2 pga prosjektet er over 2mrd, der det er vurdert slik at prosjektet bør søkja fråvik frå tunnelforskrifta om 5% stigning. Lokalt er det sterkt ønskje om lang tunnel.

Spørsmåla er: Skal veg med lågare ÅDT lettare kunna godkjennast med avvik frå tunnelforskrifta? Bør Fjordvegen engasjera seg i dette? Vil det gje konsekvenser for andre tunnelprosjekt i framtida?

Sjå - [Nyheitsbrev Fjordvegen Rute 13](#) frå 12.1.23

Saka blei drøfta og tatt til orientering.

Sak 05/23 Arendalsuka 2023 14. - 18. august

Styret har bedt administrasjonen sjå vidare på aktiv deltaking, ref styresak 30/22 desember 22.

Administrasjonen ser på ei synleg deltaking men med nokternt aktivitetsnivå i tråd med våre ressursar.

Skisse pr no:

Fjordvegen har meldt seg som mogeleg partner til Opplysningsrådet for vegtrafikken som organiserer to samferdselstelt i år. Dei har rundt 50 interesserte aktørar som partnarar, eit uforpliktande forum inntil eit arrangement er bestemt.

Møte for partnarsøk i regi av OFV er utsett, men skal bli i februar. Nokre aktørar som me likevel har kontakt med har me hatt første dialog med.

Minste synlege løysing for oss synest å vera å ha delansvar for eitt arrangement/ein debatt med partnarar som vil dele ansvar og kostnad og har interesse av same tema. Då har me akseptabel påverknad på tema.

Nasjonal rassikringsgruppe vil ha sitt eige møte med debatt.

Skal det vera møte med debatt og ikkje berre eit opplysande møte, må styret i Fjordvegen stille med ein debattant.

Stortingsrepresentantar kan ein søkja om å få med, Arendalsuka har felles system for dette. Det er lite sannsynleg at Fjordvegen blir invitert inn hjå andre arrangørar utan ei aktiv innsats sjølv. Arendalsuka i år ligg rett før kommunevalet og vil soleis få merksemd utfrå dette.

Prisen pr time arrangement i regi av OFV i eit av deira telt er kr 20 000,- totalt til fordeling mellom partnarar + arbeide.

Konklusjon: Styret tek avgjerd på neste styremøte, når det er meir avklart kven me kan samarbeida med og kor krevjande eit arrangement blir.

Andre tilhøve:

NAF lokalt på vestlandet arbeider bra med utgangspunkt i initiativ frå lokalavdelinga for Stavanger og omegn, og me spelar på lag med dei. Alle engasjerte lokalavdelingar i vest har blitt samde om at RV13 skal ha samferdselspolitisk fokus på ein felles arrangementsdato ei veke før kommunevalet (laurdag 2.9.). Aksjonsdagen har NAF som tradisjon. Dette blir spelt inn til NAF sentralt.

Utgangspunktet er at rv 13 dekker heile indre vestland og har alle utfordringar som NAF har fokus på samferdselspolitisk: manglande tryggleik ras heile året, stenging, låg standard. Det blir drøfta om dei og kan samspela med oss også på Arendalsuka.

**Sak 06/23 Dato for ekstra digitalt styremøte for førebuing til årsmøte
(Årsmøtesaker)**

Neste styremøte vert tysdag 28.02.2023 kl 1200 - 1400.

Sak 07/23 Innmeldte saker/Ymse

Status pågående prosjekt i Hardanger:

- Kinsarvik - Kyrkjenes
- Ringøyvikje

Kinsarvik, 06. februar 2023

Jostein Eitrheim
referent.